



Sju av dei ni i Humlepungen Bryggjarlag samla framfor ølgryta i Dønhaugkjedlaren laurdag ettermiddag. Frå høgre sit Kristian Bringedal, Kjell Magne Haugland, Vidar Haugland, Ragnvald Myklebust og Kjell Tungesvik. Bak står Kjell Yri og Reidar Myklebust. Verten Magne Huglen og Bjarne Lilleaas var ikkje med denne gongen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein særprega kulturinstitusjon i Uskedalen er Humlepungen Bryggjarlag. No er det like før dei har bryggja i 10 år og det må sjølvsagt markerast skikkeleg.

I dag laurdag har bryggjarane gjort dei innleiande øvingane til markeringa – dei har bryggja i den faste basen sin på Dønhaug Gjestegard. Gjennom ein rundt rekna 14 timar lang prosess har dei laga 200 liter øl av to slag.

Dei forsikrar uskedalen.no at det heller ikkje denne gongen har vore nokon uthaldenheitsprøve, men heller ein avslappande dag der karane har drøst om ting dei ikkje drøser om til vanleg.

Markeringa av dei 10 åra vil skje med oppskoka i Dønhaugkjedlaren laurdag 15. november og bryggjarane har håp om at mange kjem for å oppleva ein høgkulturell kveld. To kjendisar frå revymiljøet på Husnes, Ove Eikemo og Bjørn Skibenes, skal utfalda seg slik berre dei kan og det blir sjølvsagt mykje song og musikk.

Dei 10 åra vil bli markert både fotografisk og munnleg. Det knytter seg mange gode og spanande minner til dei og då ikkje minst til studieturane til London, Tsjeckia og Irland.

Det har vore bryggjing to gonger i året og og også oppskoka to gonger med unnatak av ein gong.

Humlepungen Bryggjarlag vart fødd i desember 1998 då seks karar hadde si fyrste bryggjing i eldhuset på Myklebust. Dei var Kjell Magne Haugland, Magne Huglen, Kristian Bringedal, Kjell Tungesvik, Bjarne Lilleaas og Ragnvald Myklebust..

Seinare har tre til vorte oppteke som bryggjarar etter ein lang og krevjande evaueringsprosess: Kjell Yri, Reidar Myklebust og Vidar Haugland.

Av Ola Matti Mathisen



Sjølv ølbryggjarar klarar seg ikkje utan mat gjennom ei lang arbeidsøkt og her er det middag i Dønhaugkjedlaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)